Fyresdal kommune

Arkiv:	210
Saksmappe:	2026/746-6
Saksbeh.:	Kjersti Bergland
Dato:	22.10.2026

Saksframlegg

Økonomirapportering pr 1. september 2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Vedlegg:
1 Økonomirapportar frå sektorane
2 Finansrapport pr. 31082026

Bakgrunn for saka:
I fylgje økonomireglementet skal kommunestyret ha rapport om den økonomiske stoda pr. 1 mai og 1. september. Finansrapport fylgjer også som vedlegg her slik det går fram av finansreglementet.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.

Lønsoppgjøret for kommunal sektor er nå ferdig og fekk ei ramme på 4,3%. Avsette midlar på lønsreguleringspotten på to millionar må fordelast ut på sektorane. Med den høge prosenten på lønsoppgjøret i år vil ikkje dette dekke opp heile kostnaden slik at kvar sektor må dekke noko av kostnaden sjølve.
Både KLP og SPK har kome med oppdatera prognoser på pensjonskostnaden og begge selskapa har nedjustera kostnaden i løpet av året, dette vil då vere med å dekke inn delar av meirkostnaden med lønsoppgjøret. Endeleg resultat veit ein fyrst i rekneskapsavsluttninga på nyåret.

Både i sektor helse og omsorg og sektor kultur og oppvekst er det utfordringar med å halde dei økonomiske rammene. Dette er knytt til høge lønsutgifter, innleige av personell frå vikarbyrå og mindreinntekter. Det er fokus på å begrense overforbruket mest mogleg, samtidig som ein opprettheld nivået på tenesteytinga, men dette er eit arbeid som tek tid og krev ressursar å gjennomføre.
I sektor plan og teknikk og sektor stab og økonomi er ein i tråd med rammene.
På finansområdet har ein store ekstrainntekter knytt til utbytte, skatteinngang og sal av konsesjonskraft. Desse ekstrainntektene bør avsettast til disposisjonsfond slik at dei kan bli bruka til investeringar i åra framover.
Viser til vedlagte økonomiske rapportar til hovudutvala frå den enkelte sektor for meir detaljer om kvar sektor.

Kommunedirektøren har disponera sin investeringspott til innkjøp av 3 nye flaggstenger, ved POS, kulturhuset og på skuleområdet. Grunna gamle flaggstenger har ein, for å ivareta

sikkerhet, tatt ned flaggstanga ved POS og ein vurderar også dei to andre til å utgjere ein risiko. Kostnaden med utskifting av alle tre vert rekna til kr 100 000,-. Ramma for sektor plan og teknikk styrkast tilsvarande.
I Tøddestogene er det gjennomført internrevisjon av medisinhåndtering og her er det avdekt fleire avvik som har gjort det naudsynt med innkjøp av utstyr for å lukke desse avvika. Ved avdelinga blir det handtera både A- og B-preparat og medisin som treng kjøling. Det er også kjøpt inn naudsynt utstyr for å ivareta arbeidsforholda til dei tilsette. Ramma for sektor helse og omsorg må styrkast med kr 120 000,- ved bruk av kommunedirektøren sin investeringspott.
Det er også kjøpt inn strandryddingsutstyr til traktor slik at vi enkelt kan føreta rydding av strandområda, både i Stykkjevika og i Bryggeparken. Dette for å ha ein god standard på uteområda/badeplassane i løpet av sommarsesongen. Kostnad på 320 000,- dekkast av kommunedirektøren sin disponible investeringspott og overførast til investeringsrekneskapen.

AMU har, både i mai og i september, bruka av sin disponible opplæringspott for å dekke utgifter i samband med takseringskurs og desentralisert barnehagelærarutdanning, med henholdsvis kr 50 000,- og 65 000,-. Desse midlane må flyttast frå sektor stab og økonomi og over til sektor plan og teknikk og sektor kultur og oppvekst.

Kommunestyret gjorde i 2024 vedtak om å støtte Veum Grendelag med kommunalt tilskot til bygging av ballbinge på Veum med kr 300 000,-. Midlane skulle dekkast av investeringsmidlar i 2025. Utbetaling av tilskotet har fyrst skjedd i år grunna at prosjektet vart noko forsinka og ein har ikkje avsett midlane. Ein må difor nå dekke dette tilskotet over årets budsjett. Dette kan gjerast med å bruke av disposisjonsfondet.

Konklusjon:
Dei to store sektorane slit med å halde sine økonomiske rammer og ligg ann til eit overforbruk på fleire millionar i kvar sektor. Dette skuldast i hovudsak ekstrautgifter i høve til høgare lønsutgifter enn budsjettera, innleige av personell frå vikarbyrå og svikt i inntekter.
Det er fokus på å begrense overforbruket men dette er eit arbeid som krev både tid, ressursar og personell på plass.
Sektor økonomi og stab og plan og teknikk ligg i tråd med budsjettramma.
Vi har også store ekstrainntekter frå utbytte, skatteinngang og sal av konsesjonskraft som bør avsettast til disposisjonsfond slik at vi kan nytte desse midlane til investeringar ved eit seinare høve.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Den økonomiske stoda pr. 1. september 2026 vert teken til vitande og rammene til sektorane justerast slik:

Sektor	Utgift	Inntekt	Kommentar:
Finans	82 000 000	82 000 000	Ekstrainnt. Avsett disp.fond
Finans	320 000	320 000	Bruk av kom.dir. inv.pott overf. Inv.
Plan og teknikk	100 000	100 000	Bruk av kom.dir. inv.pott
Helse og omsorg	120 000	120 000	Bruk av kom.dir. inv.pott
Kultur og oppvekst	300 000	300 000	Tilskot ballbinge – dekt frå disp.fond.
Stab og økonomi	-1 800 000		Fordela lønreg.pott
Helse og omsorg	800 000		Fordela lønreg.pott
Kultur og oppvekst	800 000		Fordela lønreg.pott
Plan og teknikk	200 000		Fordela lønreg.pott
Stab og økonomi	-115 000		AMU opplæringspott
Kultur og oppvekst	65 000		AMU opplæringspott
Plan og teknikk	50 000		AMU opplæringspott

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Kjersti Bergland
	økonomi og stabssjef